



Saksframlegg

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	15/08	22.10.2008
Kommunestyret	75/08	30.10.2008

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg:

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Skien kommune.

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har oppretta råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet etterlyser nå mandat for sitt arbeid. Eg har difor innhenta to mandatforslag som andre kommunar har fått utarbeida for seg. Desse er frå kommunane Skien og Tokke.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2008 -2011 der det i leiarfilosofien heiter; Vere romslege med kvarandre, opne og inkluderande.

Fyresdal kommune er kjent for å lage korte og lettfattlege planar og mandat for sitt arbeid. Dette bør og vere praksisen i denne saka. Eg meiner difor at det kortfatta mandatet frå Tokke kommune også kan nyttast i Fyresdal.

Konklusjon:

Mandatet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Tokke kommune nyttast og i Fyresdal.

Innstilling frå rådmannen:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande mandat:

- a) Rådet skal handsame saker som er særleg viktig for personar med nedsett funksjonsevne, som t.d. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunn av funksjonshemming og tenester for menneske med funksjonshemming.
- b) Rådet skal kome med fråsegn i større og overgripande saker, t.d. saker etter plan- og bygningslova, økonomiplan og årsbudsjett.
- c) Rådet skal kome med fråsegn til det kommunale organet som fattar vedtak i dei aktuelle sakene.
- d) Rådet kan etter lova taka opp saker etter eige initiativ.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.10.2008

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.10.2008

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande mandat:

- e) Rådet skal handsame saker som er særleg viktig for personar med nedsett funksjonsevne, som t.d. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunn av funksjonshemming og tenester for menneske med funksjonshemming.
- f) Rådet skal kome med fråsegn i større og overgripande saker, t.d. saker etter plan- og bygningslova, økonomiplan og årsbudsjett.
- g) Rådet skal kome med fråsegn til det kommunale organet som fattar vedtak i dei aktuelle sakene.
- h) Rådet kan etter lova taka opp saker etter eige initiativ.

Handsaming i Kommunestyret - 30.10.2008

Endringsframlegg frå Kjell Åge Iversen:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande mandat:

- i) Rådet skal handsame saker som er særleg viktig for personar med nedsett funksjonsevne, som t.d. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunn av funksjonshemming og tenester for menneske med funksjonshemming.
- j) Rådet skal kome med fråsegn i større og overgripande saker, t.d. saker etter plan- og bygningslova, økonomiplan og årsbudsjett.
- k) Rådet skal kome med fråsegn til det kommunale organet som fattar endeleg vedtak i dei aktuelle sakene.
- l) Rådet kan etter lova taka opp saker etter eige initiativ.
- m) Mandatet evaluerast i løpet av 2010.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Kjell Åge Iversen.

Vedtak i Kommunestyret - 30.10.2008

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande mandat:

- a) Rådet skal handsame saker som er særleg viktig for personar med nedsett funksjonsevne, som t.d. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunn av funksjonshemming og tenester for menneske med funksjonshemming.
- b) Rådet skal kome med fråsegn i større og overgripande saker, t.d. saker etter plan- og bygningslova, økonomiplan og årsbudsjett.
- c) Rådet skal kome med fråsegn til det kommunale organet som fattar endeleg vedtak i dei aktuelle sakene.
- d) Rådet kan etter lova taka opp saker etter eige initiativ.
- e) Mandatet evaluerast i løpet av 2010.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann